



Karen Anita Kvestad
Mykingvegen 109
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5117 - 22/73060

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
22.09.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 212/122 Eikanger øvre

Tiltak: Søknad om arealoverføring og dispensasjon
Byggjestad: Gbnr 212/5
Tiltakshavar: Karen Anita Kvestad
Heimelshavar: Magnar Eikanger

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.06.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon er for dårleg grunngjeven. Legg ved dokument som seier litt om dispensasjon.
2. Det er for så vidt brukt rett skjema. Kommunen har seinare gått tilbake til eigenutvikla skjema. Når ein nyttar skjemaet som de har brukt må ein i tillegg fylle ut skjemaet «krav om matrikulering, medrekna rekvisisjon av oppmålingsforretning». Grunneigar til avgjevareigedomen må skrive under søknad om arealoverføring og matrikulering. For enkelheits skyld legg eg ved det kombinerte skjemaet me nytta no. Fyll ut og få Magnar Eikanger til å signere.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.10.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

skjema-soknad_rekvisisjon-_alver-til-utfylling
Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

Mottakarar:

Karen Anita Kvestad

Mykingvegen 109

5913

EIKANGERVÅG